



Mari Frøyse Haugland har levert Skjåk-flatbrød til Martabu og her står ho foran eit skåp som er laga i Skjåk (Foto: Ola Matti Mahisen)

Imorgon frå klokka 11 til 15 opnar Martabu på Sanden som julebu att og vertinne Gunn Mari Moberg ventar som sist solid innrykk. Ho har nye varer å lokka med og også denne laurdagen blir det grunn til å vera imponert over kva som blir produsert i Uskedalen. No vil maten vera i fokus og Gunn Mari tek fram nokre døme:

Spekemat frå dalen, brød frå Skorpo, flatbrød frå Haugland og småkaker frå Feet.

Det blir også lagt ut for sal nye og juleprega småplagg og så er det framleis mykje useld, strikka handarbeid som ein kan kjøpa.

Det går 80 prosent til produsentane og 20 prosent til det gode og livsviktige føremålet, som er hjartestartar. Dette er hjartestartar nummer 2, som skal stasjoneras i Hagetunet og kan hentast der i kritiske situasjonar

Av Ola Matti Mathisen.